



## Notat

Dato: 13.08.2019

Arkivsak: 2019/12773-2

Saksbehandlar: Frode Mannsåker, Johan J Meyer

---

**Til:** Fylkesutvalet

---

**Frå:** Fylkesrådmannen

---

### Svar på spørsmål om konsekvensar av endringar i lovverket kring arbeidsavklaringspengar

Fylkesrådmannen viser til spørsmål frå Synnøve Solbakken (Ap) om konsekvensar etter endringar i lovverket for arbeidsavklaringspengar, jf e-post datert 17. juni 2019.

I utgangspunktet har ikkje fylkeskommunen noko generelt ansvar for kronisk sjuke i Hordaland, verken når det gjeld utgreiing, behandling eller økonomiske ytingar. Det er primærkommunane, i samarbeid med NAV, primær- og spesialisthelsetenesta, som må følgje opp denne gruppa vaksne kronisk sjuke menneske med nedsett arbeidsevne.

På fire område har fylkeskommunen ei avgrensa rolle ovanfor denne gruppa:

- 1. Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne** skal gi råd, drøfte saker, informere og bidra til å gi funksjonshemma i Hordaland ein betre kvardag.  
Ein er ikkje kjend med at rådet har drøfta problemstillinga knytt til dei nye reglane for arbeidsavklaringspengar (AAP) frå NAV.
- 2. Folkehelsearbeidet**  
Regionalavdelinga i fylkesadministrasjonen arbeider ut frå den regionale planen for folkehelse, med tilhøyrande handlingsprogram for perioden 2018 – 2021. I denne planen er ikkje kronisk sjuke spesifikt nemnd, men under tema 4: Arbeid og arbeidsplassen er det sett opp eit tiltak som kan vere relevante for denne gruppa:  
Tiltak 4.2: Arbeide aktivt for å rekruttere og halde på fleire medarbeidarar med funksjonsnedsetting i Hordaland fylkeskommune. Ansvar for tiltaket ligg i Økonomi- og organisasjonsavdelinga.  
Tiltaket gjeld både å rekruttere og halde på fylkeskommunalt tilsette med nedsett funksjonsevne. Her er NAV sett opp som samarbeidspart. Tiltaket er retta inn mot rekruttering og tilrettelegging, og tar ikkje opp spørsmål om økonomiske ytingar. Men implisitt i folkehelsetenkinga ligg ei forståing om at også økonomiske forhold spelar inn på helse og arbeidsevne. Som arbeidsgjevar må ein halde seg innafor rammene til lov- og avtaleverk, men sjølvstøtte støtte opp om tilsette som slit økonomisk. Meir om dette arbeidsgjevaransvaret i pkt. 4 nedanfor..
- 3. Likeverdsarbeidet**

Fylkestinget vedtok i 2017 ein plan for likeverd i Hordaland fylkeskommune. Her er det m.a. sett som mål at i HFK skal alle bli møtt med respekt, og mangfald blir sett på som ein ressurs. Ein

strategi under dette målet er at HFK er ei inkluderande verksemd, som arbeider for å hindre ustøying og fråfall. Heller ikkje her er personleg økonomi nemnt eksplisitt, men det vert vist til at HFK har forplikta seg som inkluderande arbeidslivsverksemd (IA-verksemd) og dermed skal arbeide aktivt for å halde på tilsette som får helsemessige utfordringar.

#### 4. Arbeidsgjevaransvaret

Som arbeidsgjevar har Hordaland fylkeskommune eit omsorgsansvar for dei tilsette, og skal etterleve krava til eit godt og inkluderande arbeidsmiljø slik det vert definert i arbeidsmiljølova, folketrygdlova, IA-avtalen, avtaleverket og interne retningslinjer.

Det er utarbeidd ein intern rutine for oppfølging av sjukmelde, med eige punkt som skildrar kva som kan gjerast ved kronisk og langvarig sjukefråvær. Også arbeidsavklaringspengar er omtalt i denne rutinen, men ikkje med dei siste endringane frå 2018.

Arbeidsgjevar syter for at det vert forskottert sjukepengar i 52 veker. Vidare skal arbeidsgjevar syte for at den tilsette får tenestepensjon dersom ein har rett på det, og eventuelle forsikringsutbetaling dersom det er aktuelt.

Arbeidsgjevar skal og innkalle til samtaler med den sjukmelde, og informere om dei økonomiske ordningane som kan vere aktuelle når sjukeløna opphøyrer.

På denne bakgrunn svarar fylkesrådmannen slik på dei fem spørsmåla:

##### 1. **Kva tiltak har fylkeskommunen sett inn for å møte denne nye gruppa vaksne kronisk sjuke mennesker med nedsatt arbeidsevne?**

Det er ikkje sett inn noko spesifikt tiltak frå fylkeskommunen for å møte den nye gruppa av kronisk sjuke som får avslag på arbeidsavklaringspengar frå NAV.

##### 2. **Korleis legg fylkeskommunen til rette for å følgja opp kronisk sjuke med tanke på at alle kan få fortsette si utredning og behandling?**

Fylkeskommunen legg gjennom rutinar og opplæring til rette for best mogleg oppfølging av kronisk sjuke. Den sjuke har rett til å halde på stillinga si i minst tre år, og det er krav til oppfølging og støtte frå næraste leiar i alle desse åra. Men fylkeskommunen kan i liten grad påverke helsemessig utredning og behandling. Her må den tilsette sjølv få fram behova sine, saman med fastlege og eventuelle støttepersonar. Som arbeidsgjevar skal ikkje HFK kjenne til diagnose eller anna medisinsk informasjon. Derimot skal næraste leiar formidle til NAV og fastlege kva som kan og ikkje kan gjerast av tilrettelegging på arbeidsplassen. Slik informasjon vert formidla til NAV og lege via oppfølgingsplanar som vert produsert og vidaresendt i det digitale oppfølgingssystemet som del av HR-portalen til HFK.

##### 3. **Kva gjer fylkeskommunen med alle dei som er registrert med nedsatt arbeidsevne, har ein rett til oppfølging fra NAV men som ikkje har rett til nokon ytelse?**

Fylkeskommunen kan ikkje gjere noko med dei vedtaka om yting som vert gjort i NAV. Som arbeidsgjevar må fylkeskommunen halde seg til lov- og avtaleverk og til vedtekne budsjett. Leiarane i HFK har ikkje fullmakt til å innvilge personlege økonomiske ytingar når NAV eventuelt stoggar arbeidsavklaringspengar. Fram til 31.12.18 var det mogleg å søke NAV om Førebyggings- og tilretteleggingstilskot, for å kompensere for ekstra utgifter for arbeidsgjevar som legg til rett for ein tilsett med redusert funksjonsevne. Dette tilskotet falt vekk med den nye IA-avtalen for 2019-2022.

##### 4 **Kva tenkjer fylkeskommunen om at dei har fått dette ansvaret fra staten, med denne økonomiske utgiftsposten?**

Fylkeskommunen har ikkje noko ansvar for dei sjukmelde sin økonomi utover lov- og avtalefesta sjukeløn, tenestepensjon og forsikringsordningar.

**5 Vil fylkeskommunen yte press ovanfor Storting/Regjering for å retta opp denne urett som no har skjedd sjuke innbyggjarar i fylket vårt?**

Administrasjonen i fylkeskommunen kan i liten grad engasjere seg i saker som gjeld NAV og folketrygd. Men politiske fora som Fylkestinget og Rådet for menneske med nedsett funksjonevne står fritt til å uttale seg om slike spørsmål. Representantane i desse fora kan fremje synspunkt og framlegg til uttale om lovverk og retningslinjer for arbeidsavklaringspengar.